



Herleif Dalland
Dyrhovden 27 A
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/105 - 18/15299

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
11.05.2018

Avvist søknad om frådeling av naustparsell - gbnr 233/1 Eide indre


Administrativt vedtak. Saknr: 217/18

Søknadstype: Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 26-1, jf. §§ 20-1, bokstav m og 20-2, jf. § 20-4, bokstav d.


SAKSUTGREIING

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av naustparsell frå gbnr 233/1.

Utsnitt av situasjonsplanen



Utsnitt frå kommuneplanen



Det vert vist til søknad motteken 11.01.2018.

Planstatus



Nausttomta ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål. I desse områda er det berre opna for at det kan etablerast tiltak som er nødvendige for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf kap 5 i føresegnene til kommuneplanen. Frådeling av nausttomt er ikkje i samsvar med plangrunnlaget og krev at det vert søkt om og gitt dispensasjon frå arealføremålet i kommuneplanen før søknaden om frådeling kan handsamast.

Byggjeforbodet i strandsona

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 er det eit generelt byggjeforbod i 100-metersbeltet langs sjø dersom anna byggjegrense ikkje er fastsatt i plan. For omsøkte frådeling er det pbl § 1-8 som gjeld og tiltaket vil såleis også krevja at det vert gitt dispensasjon for dette forhold.

Tilkomst og parkering

Vegrett og rett til parkering er ikkje dokumentert.

VURDERING:

Omsøkt frådeling er ikkje i samsvar med gjeldande plangrunnlag og det er ikkje søkt om dispensasjon. Det er heller ikkje gjort greie for korleis tilkomst og parkering skal løysast. Kommune har ikkje mottatt etterspurd tilleggsdokumentasjon, jf vårt skriv datert 22.02.2018.

Kommunen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at han kan takast til handsaming, jf. plan- og bygningslova § 21-2 og forskrift om byggesak § 5-4. Søknaden vert avvist.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4 vert søknad om oppretting av ny grunneigedom frå gbnr 233/1 avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Når søknaden er avvist vert saka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du leggja ved fullstendig søknad i samsvar med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Herleif Dalland

Dyrhovden 27 A 5993

OSTEREIDET